

Søknad om jorddeponi

Eg søker med dette om å opprette jorddeponi på eigedomen min gnr/bnr 156/13 og 11 i Austrheim kommune. Området er i dag nytta som beite for storfe grunna arealets karakter. Det er registrert som dyrkamark, men er uråd å nytte grunna dårlege grøfter og berg i dagen. Ved å få lagt på meir jord vil området kunne nyttast som slåtteareal igjen. Arealet for jorddeponiet vert omlag 15 daa.

Det er tenkte deponert om lag 20 000 m³ med reine jordmassar. Jordmassane kjem frå Mongstad næringsområdet.

Deponeringa er tenkt gjort i ein femårsperiode. Det er tenkt å starta tippinga i sør og jobbe nordover slik at det andre arealet kan nyttast som beiteområdet så lenge som mogleg. Sluttresultatet ska bli fulldyrka mark, og det skal bli ferdigstillast så snart som råd. Fangdam vert oppretta ved behov.

Området vert avgrensa med steinvoll i vest og sør for å låse massane (sjå vedlagt kart), og stogge eventuell avrenning frå området. Vollen vil i sør og vest verte om lag to meter høg. Vollen er tenkt nytta som landbruksveg i ettertid. Massane til steinvollen skal koma frå steinuttak på området (merka i kartet). Steinuttaket skal fyllast i med jord, slik at ein unngår sår i landskapet og får utvida dyrkamarka.

Det skal søkjast om midlertidig avkøyrsløse frå Statens vegvesen, og det skal lagast til veg med snuplass innpå arealet til lastebilane. Vegen (merka grønt) skal tilbakeførast til dyrkamark, og landbruksvegen langs vollen skal knytast på eksisterande veg i grensa til 156/47. Dette vil gje eit stort samanhengande dyrka areal på om lag 20 daa.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlista artar i området.

Sluttresultatet vil bli eit flott landbruksområde i drift, noko som vil bli ei forbetring av landskapsbiletet mot det er i dag.

Tiltaket skal nabovarslast.

Manger 17.03.2014

Anders Johan Austrheim



Vedlegg:

Kart over området